



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 40/2019

Møtedato: 20.11.19

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

Fisking i Valdres, endra modell for utbytte

«Fisking i Valdres» har betalt likt utbytte til kvart medlem. Det ser stor forskjell på kor stor areal dei ulike går inn med og fjellstyret meiner at likt utbytte ikkje er i samsvar med vedtektene for laget. Den 22.2.18 skreiv fjellstyret brev til «Fisking i Valdres» der ein bad om at utbytte vart betalt ut i samsvar med vedtektene. Fjellstyret forslo ein modell der fordeling av utbytte vart basert på fiskekortinntektene hjå dei ulike medlem.

Styret har foreslege ein modell som er basert på inntekt frå fiskekortsålet. Alle som har sal under kr 10.000 får ein minstesats og inntekt over kr 150.000 blir ikkje rekna med. Framlegg til endra modell skal behandlast på ekstraordinært årsmøte den 26.11.19.

Utkastet til ny modell for deling av utbytte er i hovudtrekk i samsvar med det fjellstyret foreslo. Fjellstyret har totalt sal på fiskekort for ca. kr 370.000. Ein får ikkje betalt for det ekstra salet ut over kr.150.000. «Fisking i Valdres» har også opplyst at fiskereglane skal endrast slik at det berre gjeld fiske frå land. Ein stor del av vårt fiske er frå båt og då er det ikkje så feil å setja ei grense på kr 150.000.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret sluttar seg til modell for utbetaling av utbytte som styret i «Fisking i Valdres» har lagt fram.

Vedtak:

Fjellstyret sluttar seg til modell for utbetaling av utbytte som styret i «Fisking i Valdres» har lagt fram.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 21.11.19

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Fisking i Valdres